

**REFERAT – KOMMUNEREFORM****Telefonmøte Smia/Volda**

03.06.2019 kl. 09:00

**Til stades:**

Rune Sjørgard, Rådmann/prosjektleder

Ann Kristin Langeland, Rådmann

Hovudtillitsvalgt Fagforbundet, Oddbjørg Yksnøy Rangsæter

Joakim Rødven (referent)

**Agenda:**

<b>Aktivitet</b> <b>1. Personalsituasjon i Hornindal</b>	<b>Ansvarleg oppfølging</b>
<p>Personalrådgjevar Martin Agnar Dahl har sagt opp stillinga si og flyttar sørover. Rådmann Ann Kristin Langeland vurderer det som lite tenleg å lyse ut eit vikariat for 4 månadar.</p> <p>Langeland og personalsjef i Volda, Berit Lyngstad, har sett på korleis ein kan klare å løyse dette fram til 01.01.2020. Ei løysing kan vere at Berit startar som personalsjef i Hornindal allereie til hausten der ho har ein dag fast arbeidsdag i veka i Hornindal. Berit vil orientere om dette på dialogmøtet på torsdag.</p>	AKL/BL

<b>Aktivitet</b> <b>2. Saker til Fellesnemnda 18. juni</b>	<b>Ansvarleg oppfølging</b>
<p><b>Saker til politisk handsaming</b> Budsjettkontroll/rapportering</p> <p><b>Orientering</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Orientering frå NAV-prosessen</li><li>- Notat om folkevaltprogram</li><li>- Represent frå nye Volda i prosjektet Designvegen</li><li>- Orientering frå Smia Utvikling</li></ul>	KMS  RS

Aktivitet 3. Årsrapport frå Fellesnemnda	Ansvarleg oppfølging
<p>Det er reist spørsmål om det vert lagt fram ein årsrapport frå Fellesnemnda. Det er ikkje lagt opp til at Fellesnemnda skal levere dette. Prosessen er ressurskrevjande, og det er behov for å kanalisere ressursane til arbeidet med å gjere den nye kommunen klar til drift.</p>	

Aktivitet 4. Spørsmål om gåvefond	Ansvarleg oppfølging
<p>Det er avdelingar som har ulike fond, til dømes gåvefond. Tilsette har lurt på om desse fonda også vert vidareført inn i den nye kommunen.</p> <p>På eit generelt grunnlag kan det verke logisk at slike fond vert vidareført. Økonomisjefane, Brita Sollid og Kari Mette Sundgot, vert bedne om å få ei oversikt over slike løyvingar slik at ein kan ta stilling til å vidareføre fond som er statuttar.</p>	<p>BS/KMS</p>

Aktivitet 5. Førebels sakliste til Fellesnemnda 5. september	Ansvarleg oppfølging
<p>Avklaring rundt fond (t.d. gåvefond)  Tenesteharmonisering (<i>skal først drøftast i leiargruppa for nye Volda</i>)  Retningslinjer for grendeutval  Budsjettrapportering  Brannordning  Vertskommune for NAV  Vertskommune for Landbruk  Barnevernvakt</p>	

Aktivitet 5. Prosess rundt NAV og landbruk	Ansvarleg oppfølging
<p><b>Landbruk</b>  Det må avklarast litt rundt ressursbehov. Førebels vert det førespegla ein 100 prosent-stilling i Hornindal knytt til skog og vilt. Det skal avklarast behov innanfor området «næring» før ferien.</p> <p><b>NAV</b>  Leiar Monica Osvold får skryt for arbeidet som er lagt ned i prosessen hittil. Det skal vere møte med Ørsta kommune og Nav-leiar 3. juni om prosessen med vertskommuneavtale for tenestene i Nav for nye volda og Ørsta.</p>	<p>AKL og JMM</p>

Neste møte vert måndag 26. august.

**Møtet slutt 09:45**

*Volda, 03.06.2019*

*Joakim Rødven*

*Kommunikasjonsrådgjevar*